

[Fjaler kommune]



Økonimiplan 2022-2025

ÅRSBUDSJETT 2022

Formannskapet	4 November 2021
Presentasjon kommunestyret	18 November 2021
Formannskapet	2 Desember 2021
Off høyring	2-16 Desember 2021
Kommunestyret	16 Desember 2021

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

1 Innleiing	3
1.1 Hovudtrekk og utfordringar	3
1.2 Profil i årsbudsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025	5
Tilleggsproposisjon ny regjering:	5
Ny regjering føreslår ein auke utover 1. framlegg til statsbudsjett på kr 2 mrd. til kommunane. Auken er innarbeidd i rammetilskotet og fordelt etter samla kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga.	
Tilleggsproposisjonen inneheld også fleire forslag til til oppgåveendringar/ korreksjonar som kjem i tillegg til realveksten.	5
• Kompensasjon for redusert maks pris for foreldrebetaling i barnehagane. Makssatsen er føreslått sett til kr 3 050 frå 1. august 2022	5
• Redusert pensjonspåslag til private barnehagar vert endra til 10%, ei innstramming på 1% i høve solberg-regjeringa sitt framlegg.....	6
• Reversering av 1t ekstra naturfagtime på ungdomsskuletrinnet.....	6
• Tilskot pr kommunale grunnskule på kr 500 000 – blir finansiert med trekk i innbyggartilskot og aukar ikkje kommuneramma samla sett.....	6
• Nokre justeringar på innretninga/ samansetjinga av skatt og ramme i inntektesmodellen.	6
• Reverserer varsle auke i innslagspunktet for tilskot til ressurskrevjande tenester.	6
Budsjett 2020 Fjaler kommune:.....	6
Fjaler kommune fekk med solberg-regjeringa sitt framlegg til budsjett ein vekst i dei frie inntektene på 1,2 %. Dette er mindre enn snittet i fylket på 1,4% og under landsgjennomsnittet som er 1,5%.	6
Utfordringa er at veksten i dei frie inntektene knapt dekkar lønsveksten neste år. I tillegg kjem auke i pris på varer og tenester, auka behov i tenestene, stor auke i kapitalkostnader grunna høg lånegjeld og nye oppgåver/ føringar som ligg i statsbudsjettet ref kulepunkt over.....	6
Det var denne inntektsveksten som låg til grunn når vi handsama økonomiplanen 2022-2025 og ba om innspel i formannskapsmøtet 4 november. I 1. framlegg til budsjett hadde vi ein underbalanse på 13,3 mill.	6
Saldering: For å oppnå budsjettbalanse har sektorane fått eit innsparingskrav på 3%. Dette utgjer kr 6,8 mill. Vidare har støre-regjeringa lagt fram ein tilleggsprp. til statbudsjettet. Dette gav Fjaler kommune ein vekst utover 1. framlegg på kr 2,7 mill. I tillegg føreslår dei å reversere forslaget om å auke innslagspunktet på ressurskrevjande tenester utover løns- og prisvekst. Dette gir oss ei innsparing på kr 0,36mill. Viser elles til konsekvens- og salderingsbudsjett kap 9 i økonomiplanen som viser alle tiltak for å saldere budsjettet.....	6
Økonomiplan 2022-2025	6
Økonomiplanen legg opp til stramme budsjett heile perioden. Det er den høge lånegjelda og kapitalkostnader som er den største årsaka – ikkje at vi har dyre tenester. Vi vil starte eit arbeid i 2022 og gå gjennom drifta og økonomien for identifisere områder vi kan drifta meir kostnadseffektivt. I heile planperioden ligg netto driftsresultat kring null, dette må forbetrast.	6
Investeringsprogrammet:	6
Dei siste åra har kommunen hatt mange og store investeringsprosjekt – dei største er Dingemoen skule og Beredskapsbygg i Dale.	6
I planperioden er det største prosjektet ferdigstilling av Beredskapshuset i 2022.....	6
Vi vidarefører satsinga på ikt i skule i 2022 og 2023. Det vert gjennomført fagfornyelse for alle fag i skulen. Dette krev ei omlegging til meir digitale læremiddel i skulen.....	6
Med unntak av 2022 er det ikkje netto auke i lånegjelda til kommunen, dette i samsvar med forslag til nyer handlingsreglar.....	6

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Utfordringa framover vil vere å skaffe finansiering til gravplass og nye heildøgnsbemanna omsorgsbustader. Dette er prosjekt det er semje om at vi skal realisere.....	6
Viser elles til økonomiplanen for meir detaljar kring drift- og investeringsbudsjettet	6
1.3 Risikovurdering av økonomiplanen 2022-2025.....	9
2 Det kommunale styringssystemet.....	10
3 Prioriterte satsingsområder.....	11
3.1Overordna mål for perioden	11
Overordna mål for perioden	12
3.2 FN sine Bærekraftsmål	17
4 Økonomiske råmer og finanzielle tilhøve	21
4.1 Inntekts-og formuesskatt, eigedomsskatt og rammetilskot frå staten	21
5. Oppvekst	27
5.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar.....	27
5.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg	27
5.3 Nye tiltak som er lagt inn i planperioden	27
5.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden	27
6 Helse og Omsorg	28
6.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar.....	28
6.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg	28
6.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden	28
6.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden	29
7 Tekniske tenester	30
7.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar.....	30
7.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg	30
7.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden	30
7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden	31
8 Fellesstenester, administrasjon, landbruk og kultur	32
8.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar.....	32
8.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg	32
8.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden	32
8.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden	33
9 Konsekvens- og salderingsbudsjett.....	34
9.1 Konsekvensjusteringar.....	34
9.2 Salderingsbudsjett.....	35
10 Investering	37
10.1 Investeringsprogram 2022-2025	37
10.2 Omtale av investeringsprosjekt	38
11 Vedlegg	44

1 Innleiing

1.1 Hovudtrekk og utfordringar


Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Organisasjon:

Fjaler kommune har kommunalsjefstruktur. Vi har 4 sektorar, Oppvekst, Helse og Omsorg, Teknisk og Kultur. Økonomi, personal og folkehelse er støtte- stabsfunksonar.

Rådmannen si leiargruppa består av kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef Helse og Omsorg, kommunalsjef Teknisk, kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling, økonomisjef og peronalsjef.

Vi legg no fram ein økonomiplan på sektornivå jamf. økonomireglementet. Det vil sei at det er opp til kommunalsjef på dei einskilde områda å fordele si ramme ut på sine undereiningar. Kommunalsjef kan no gjennom året gjere justeringar og tilpasse drifta innfor sin sektor utan at det krev vedtak frå kommunestyret



Innleiing

1.2 Profil i årsbudsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025

Saksutgreiing:

Statsbudsjettet – Det økonomiske opplegget for 2022

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein realvekst i kommunane sine frie inntekter i 2022 på 1,6 mrd. Dette er heilt nedst i intervallet som blei signalisert i kommuneopposisjonen for 2022. noko av forklaringa er nedjustering av anslaget på auke i pensjonskostnadane til kommunane.

I kommuneopposisjonen var ikkje noko av anslaget på veksten i dei frie inntektene knytt til statlege satsingar og prioriteringar. I statsbudsjettet har imidlertid regjeringa begrunna 100 mill av veksten med å legge til rette for fleire barnehagelærar i grunnbemanninga. Dette må ein sjå i samanheng med med ambisjonen om at 50% av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærar innan 2025. Vidare skal 75 mill av veksten gå til lavterskelttilbod knytt til barn og unge si psykiske helse.

Skatt: Det er ingen endring i måltalet for skatten sin andel av dei samla inntektene, det vil sei at skatten også i 2022 skal utgjere 40% av dei samla inntektene til kommunen. Oppjusteringa av skatteanslaget som vart gjort i kommuneopposisjonen 2021 og som skal vidareførast til 2022 medfører at ein må gjere ei omfordeling innanfor dei frie inntektene, frå skatt til rammetilskot. I tillegg forventar ein ei auke i skattegrunnlaget som følgje av god sysselsetjingsvekst i 2022 (1,4%). Dette fører til at det kommunale skatteøret vert justert ned med 1,2% til 10,95 %

Løns- og prisvekst (deflator): Deflatoren er sett til 2,5%. Årslønsveksten frå 2021-2022 i kommunesektoren er berekna til 3,2% og utgjer om lag 60% av deflatoren, medan den kommunale prisveksten er sett til 1,6%.

Vidare er det mange satsingar i statsbudsjettet som får økonomisk konsekvensar for kommunane – her kan nemnast:

- Barnevernsreform
- Lærarnorm
- Ekstra time naturfag i grunnskulen
- Rusreform
- Auke i basistilskot legar
- E-helse løysingar
- Lovfesta rett til barnekoordinator
- Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO
- Ressurskrevjande tenester – auke i innslagspunkt utover deflator
- Universiell utforming av IKT- løysingar

Viser til kommentarar frå sektorane for meir informasjon knytt til satsingane.

Tilleggsopposisjon ny regjering:

Ny regjering føreslår ein auke utover 1. framlegg til statsbudsjett på kr 2 mrd. til kommunane. Auken er innarbeidd i rammetilskotet og fordelt etter samla kostnadsnøkkelen i utgiftsutjämninga. Tilleggsopposisjonen inneholder også fleire forslag til tillegg til oppgåveendringar/ korrekjonar som kjem i tillegg til realveksten.

- Kompensasjon for redusert maks pris for foreldrebetaling i barnehagane. Makssatsen er føreslått sett til kr 3 050 frå 1. august 2022

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

- Redusert pensjonspåslag til private barnehagar vert endra til 10%, ei innstramming på 1% i høve solberg-regjeringa sitt framlegg
- Reversering av 1t ekstra naturfagtime på ungdomsskuletrinnet
- Tilskot pr kommunale grunnskule på kr 500 000 – blir finansiert med trekk i innbyggartilskot og aukar ikkje kommuneramma samla sett.
- Nokre justeringar på innretninga/ samansetjinga av skatt og ramme i inntektesmodellen.
- Reverserer varsla auke i innslagspunktet for tilskot til ressurskrevjande tenester.

Budsjett 2020 Fjaler kommune:

Fjaler kommune fekk med solberg-regjeringa sitt framlegg til budsjett ein vekst i dei frie inntektene på 1,2 %. Dette er mindre enn snittet i fylket på 1,4% og under landsgjennomsnittet som er 1,5%.

Utfordringa er at veksten i dei frie inntektene knapt dekkar lønsveksten neste år. I tillegg kjem auke i pris på varer og tenester, auka behov i tenestene, stor auke i kapitalkostnader grunna høg lånegjeld og nye oppgåver/ føringar som ligg i statsbudsjettet ref kulepunkt over.

Det var denne inntektsveksten som låg til grunn når vi handsama økonomiplanen 2022-2025 og ba om innspel i formannskapsmøtet 4 november. I 1 framlegg til budsjett hadde vi ein underbalanse på 13,3 mill.

Saldering: For å oppnå budsjettbalanse har sektorane fått eit innsparingskrav på 3%. Dette utgjer kr 6,8 mill. Vidare har støre-regjeringa lagt fram ein tillegsprp. til statbudsjettet. Dette gav Fjaler kommune ein vekst utover 1 framlegg på kr 2,7 mill. I tillegg føreslår dei å reversere forslaget om å auke innslagspunktet på ressurskrevjande tenester utover løns- og prisvekst. Dette gir oss ei innsparing på kr 0,36mill. Viser elles til konsekvens- og salderingsbudsjett kap 9 i økonomiplanen som viser alle tiltak for å saldere budsjettet.

Økonomiplan 2022-2025

Økonomiplanen legg opp til stramme budsjett heile perioden. Det er den høge lånegjelda og kapitalkostnader som er den største årsaka – ikkje at vi har dyre tenester. Vi vil starte eit arbeid i 2022 og gå gjennom drifta og økonomien for identifisere områder vi kan drifta meir kostnadseffektivt. I heile planperioden ligg netto driftsresultat kring null, dette må forbetraast.

Investeringsprogrammet:

Dei siste åra har kommunen hatt mange og store investeringsprosjekt – dei største er Dingemoen skule og Beredskapsbygg i Dale.

I planperioden er det største prosjektet ferdigstilling av Beredskapshuset i 2022.

Vi vidarefører satsinga på ikt i skule i 2022 og 2023. Det vert gjennomført fagfornyelse for alle fag i skulen. Dette krev ei omlegging til meir digitale læremiddel i skulen.

Med unntak av 2022 er det ikkje netto auke i lånegjelda til kommunen, dette i samsvar med forslag til nye handlingsreglar.

Utfordringa framover vil vere å skaffe finansiering til gravplass og nye heildøgnsbemannna omsorgsbustader. Dette er prosjekt det er semje om at vi skal realisere.

Viser elles til økonomiplanen for meir detaljar kring drift- og investeringsbudsjettet

Vurdering:

Forslag til budsjett og økonomiplan er stramt og vi har redusert rammene til sektorane med 3% ut frå 1 framlegg, trass i dette meiner vi at vi no legg fram eit forsvarleg og realistisk budsjett. Utover vekst i skatt og ramme har vi auke i inntektene på eigedomsskatt på vindparken og havbruksfond i 2022.- veksten i inntektene går til å dekke auke i kapitalkostnadane til kommunen og ikkje til å dekke auke i tenestetilbodet. Vi legg no i samband med budsjettet fram ei sak om måltal og økonomiske handlingsreglar. Vi må framover

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

inn med stramare styring av økonomien for å skape handlingsrom og sikre folk i Fjaler gode tenester i framtida.

1.2.1 Økonomiske nøkkeltal

Kommunestyret i Fjaler har ikkje vedteke økonomiske måltal som vi skal styre etter, men dette blir lagt fram ilag med endeleg framlegg til økonomiplan 2022-2025

Riksrevisjonen har påpeikt at kommunar er spesielt utsatt dersom netto driftsresultat er under 2%, disposisjonsfond er lågare enn 5% og gjeldsgrada er høgare enn 75%.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er driftsinntekter (skatt, statstilskot og gebyr) minus driftsutgifter (løn og varer/tenester) og renter og avdrag.

Teknisk beregningsutval si anbefaling for netto driftsresultat er på 1,75% av driftsinntektene. Anbefalinga er basert på eit prinsipp om formuesbevaring for kommunesektoren som heilheit. Det er viktig å påpeike at dette er eit gjennomsnittstal for alle kommunar i landet- og at nødvendigvis ikkje er det rette for alle kommunar. Ein kommune med høg formue bør nok ha eit høgare mål enn 1,75%

	2016	2017	2018	2019	2020
Netto driftsresultat (%)	2,2	5,2	4	-1,4	-1,4

I planperioden 2022-2025

	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i %	-0,46	0,20	0,10	-0,52

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Gjeldsgrada viser kor mykje lånegjeld kommunen har i forhold til inntektene. Når kommunen har høg gjeldsgrad fører det til høge årlege utgifter til avdrag og renter i lang tid framover. Det betyr at ein mindre del av inntektene er igjen til tenesteproduksjon og framtidige investeringar og handlingsrommet blir mindre. Slik situasjonen er i dag har Fjaler kommune ei høg gjeldsgrad, vi er svært sårbar dersom renta aukar.

	2016	2017	2018	2019	2020
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	77,8	76,5	74,2	86,1	109,5

	2022	2023	2024	2025
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	153	149	146	144

1.2.2 Fond i planperioden

Fond	R. 20	Prognose R -21	2022	2023	2024	2025
Bundne driftsfond	23 093	18 121	16 859	15 912	15 636	15 359
Utviklingsfondet	12 787	1 487	5 487	5 487	5 487	5 487
Disposisjonsfond	12 253	12 523	17 700	17 692	23 612	23 294

Dispositionfond i % av driftsinntektekene

	2017	2018	2019	2020
--	------	------	------	------

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Disposisjonsfond i % av driftsinntektene	4,1	6,9	5,6	3,9
	2022	2023	2024	2025
Disposisjonsfond i % av driftsinntektene	5,6	5,5	7,3	7,2

1.2.3 – føresetnader som ligg til grunn i framlegget

1. framlegg til budsjett er basert på økonomiplan 2021-2024 og varige budsjettendringar i 2021, konsekvensjustert for endringar i behov, td tal klassar og tal brukarar innanfor dei einskilde tenesteområda.

Løns og prisvekst

Den samla løns- og prisveksten – kommunal deflator- er for 2022 på 2,5%

Pris- og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2022 er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 2,5% Dette byggjer på eit lønnsvekstanslag på 3,2% og prisvekst på varer og tenester på 1,6%.

Skatteøyre

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2021-2022 på 8,6%. Ved utarbeiding av prognosene for 2022 er det lagt til grunn ein forventa sysselsetjingvekst på 1,4 % og lønnsvekst på 3,22%.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøret blir nedjustert frå 12,15% i 2021 til 10,95% i 2022. Det er lagt opp til skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40% også i 2022

Arbeidsgjevaravgift

Arbeidsgjevaravgifta er 10,6%

Pensjon

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i KLP og SPK som sikrar dei tilsette ytingsbasert pensjon.

Undervisningspersonell har pensjonsordning i SPK, men resten av lønsmottakarane inkludert folkevalde har pensjonsordninga gjennom KLP. Pensjonsordninga omfattar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% inkludert folketrygda. Pensjonsutbetalingane vert samordna med utbetaling frå NAV.

I budsjettframlegget er det nytta Følgjande pensjonssatsar:

KLP 18,5% av lønsgrunnlaget **SPK 11,91% av lønsgrunnlaget**

1.2.4 renteutvikling og avdrag

Minste tillatte avdrag

Fjaler kommune bereknar minste tillate avdrag etter forenkla formel. Avdraga vert berekna som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmiddel multiplisert med årets avskriving i driftsrekneskapen. Denne forenkla formelen gir eit minstekrav til avdrag som tilsvarer kapitalslitet på lånefinansierte anleggsmiddel.

Tabellen under viser utviklinga i avdragskostnadane i planperioden

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

	2022	2023	2024	2025
Minste tillate avdrag	15 496	16 205	15 490	15 425

Renter i planperioden

	2022	2023	2024	2025
Rentesats	1,77	2,08	2,22	2,25
Rentebeløp	8 070	9 276	9 863	8 421

Rentene oppgitt tabell over er den flytande renta – vi har nokre lån med binding som ligg høgare, og nokre sertifikatlån med kort løpetid som ligg under, dette er det teke omsyn til ved utrekning av renteutgiftene

1.3 Risikovurdering av økonomiplanen 2022-2025

I budsjettet for 2022 og økonomiplanen 2022-2025 er det ei lang rekke usikre moment. Nokre er knytt til drifta, og er innan det vi kan kontrollere gjennom målretta arbeid, men ein stor del er og knytt til høve som ligg utanfor kommunen sin kontroll. I det følgjande vert ein del av dei største usikkerheitene drøfta, og, der det er mogleg, talfesta.

Vekst

Kommuneplanen legg til grunn ei auke i folketalet på om lag 30 personar per år.

Inntektene frå innbyggjarane vert ikkje berre berekna ut frå tal innbyggjarar, men og ut frå vår del i høve andre kommunar og i høve fordeling innan kostnadsnøklane. Ein familie med to vaksne og to born i skulealder vil kunne utgjere (eks skatteinntekter) om lag 530 000 i inntekt, med enkelte etterhald. Estimerer total risiko til mellom 1,5 millionar - 2,5 millionar

Investeringar, rente og avdrag

Med dette framlegget til investeringsprogram vil vi bremse gjeldveksten til kommunen. Men her er ein del tiltak som ikkje ligg i langtidsprogrammet, men som vi veit er prosjekt vi må gjennomføre i framtida(td. gravplass, heildøgnsbemannna omsorgstenester)Når lånegjelda aukar vil kommunen vere meir sårbar i høve renteauke om vi ikkje har rentesikring på låneportefølja. Avdragsutgiftene vil auke, uavhengig av rentenivå. Det er ein risiko for at ein kombinasjon av høg gjeld og lite økonomisk handlingsrom kan føre til konsekvensar i tenestetilbodet til innbyggjarane. Men det er ikkje negativt i seg sjølv å ha gjeld. Dersom kommunen har føresetnadalar for å handtere gjelda kan det vere rasjonelt å ha høgare gjeld. Det er heller ikkje eitt mål i seg sjølv at Fjaler kommune skal ha låg gjeld, dersom det gjer at ein ikkje tek i vare naudsynte utbyggingar eller rehabilitering av bygningsmassen.

Pensjon

Pensjonskostnadane til kommunane, med unntak av 2020 har auka mykje dei siste åra. Grunna lågt rentenivå har avkastninga på pensjonsmidlane vore lågare enn for ei tid tilbake. samstundes har ein hatt relativt god lønsvekst i offentleg sektor, dette er begge element som er med på å auke pensjonskostnadane.

Andre risikoelement når det gjeld pensjon er:

- Endring i kva som er pensjonsgjevande inntekt (t.d. Stillingsstorleik)
- Redusert amortiseringstid
- Nye soliditetskrav til eigenkapital i liveselskapa
- AFP –uttak
- Tal uføre og uføregrad

- Regulering levetid
- Ny pensjonsordning for offentlege tilsette

Budsjettoppfølging og andre driftsutgifter

Driftsråmene til einingane er særstamme, etter fleire år med innsparingar. Samstundes har vi liten kontroll på tenestesida, og vi må yte tenester dersom det vert eit behov som oppstår i løpet av året. Med stoda i bygningsmassen vil vi og kunne oppleve at det oppstår utgifter og situasjonar som må dekkast inn/løysast fortløpende, til dømes utbetring av elektriske anlegg, lekkasjar m.v. Ut frå erfaringar estimerer eg denne risikoen til 1 - 5 millionar kroner

Berekningsrisiko

Det er alltid ein viss risiko for at berekningar i budsjettet og økonomiplanen inneholder feil, utan at det vert oppdaga. Ut frå erfaringar er det snakk om mindre korrigeringar, om lag 0 til 1,5 mill

Skatt og rammetilskot

Risikoen i planperioden er nedgang i folketalet, endring i dei demografiske føresetnadane og endring av kriterier i inntektssystemet frå sentralt hald. I tillegg til dette vil skjønsmidlane som blir tildelt av fylkesmannen bli redusert i framtida.

Det som er avgjerande for kommunane dersom dei skal behalde og auke dagens inntekter er ein folketalsvekst som ligg på snitt eller over landet samla sett.

Skatteinntektene til kommunane vert påverka av den generelle veksten i den norske økonomien, og den lokale veksten i inntekter.

Auka arbeidslause i kommunen vil medføre lågare skatteinngang.

Risikoen er estimert til kr 5 mill

Flyktninger

Året 2015 synte at føresetnadane kan endre seg raskt. Vi sto midt oppe i den største humanitære krisa sidan 2. verdskrig og mange kommunar fekk store utfordringar over natta. No er vi på motsett side av skalaen, det kjem lite aylsøkjrarar til landet og mange kommunar har bygd ned mottaksapparatet sitt. Fjaler kommune har fått oppmoding om å ta imot 10 flyktningar for 2022, i tillegg ventar vi framleis på ein del av dei vi skulle busette i 2021.


2 Det kommunale styringssystemet

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringssystem, og består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida av ein arealdel (overordna arealplan og reguleringsplan). Planhierarkiet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er vist i skissa nedanfor.

Kommuneplanen vert omsett i meir detaljerte planar, viktigast av desse er økonomiplanen.

Økonomiplanen inneheld overordna målsettingar, økonomiplan og årsbudsjett. Planperspektivet er fire år, med årleg rullering. Økonomiplanen vil gjelde som handlingsdel for kommuneplanen, for å sikre ein heilskapleg prioritering.



3 Prioriterte satsingsområder

3.1 Overordna mål for perioden

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Overordna mål for perioden

Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i 2014 har følgjande mål for samfunnsutviklinga i Fjaler:

Overordna mål:

Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik ○ Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff ○ Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelhytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnatningskapasitet og gode kommunikasjonsløysingar (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

Befolkningsutvikling

	Personer										
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
K-4646 Fjaler											
Menn	1 469	1 437	1 454	1 446	1 432	1 436	1 437	1 447	1 404	1 422	1 467
Kvinner	1 440	1 395	1 417	1 407	1 391	1 394	1 425	1 399	1 366	1 380	1 418
Sum	2 909	2 832	2 871	2 853	2 823	2 830	2 862	2 846	2 770	2 802	2 885

Tabell 07459 Befolking, etter kjønn (kjelde ssb)

Fjaler kommune har særleg tre utfordringar når det gjeld folketal. For det første har folketalet vore stabilt, men ikkje aukande, noko som gjer utslag på inntektssida. For at Fjaler kommune skal få kompensert for løns -og prisvekst i overføringane frå staten, må vi ha ei årleg auke i befolkninga på om lag 1%.

For det andre har vi hatt ei sterk befolkningsauke i Dale. Stor befolkningsvekst er krevjande for ein kommune å handtere, og legg press på utbygging, sosial og teknisk infrastruktur. Det merkast og gjennom prispress og bustadmangel som gjer at kommunen får ei utfordring. Ei jamn tilgang på areal til bustadar og regulert areal til leilegheiter og bustadareal vil vere ei viktig oppgåve for Fjaler kommune i kommunestyreperioden.

For det tredje har det vore ein trend at folketalet går ned i kommunen samla sett medan vi har hatt vekst i Dale og omegn, og då særleg barnetala. Dingemoen skulekrins har om lag 56% av innbyggjarane i kommunen, men 74% av born i skulealder og 69% av barn i barnehagealder. Låge barnetal betyr og at vi vil få ein større relativ del av dei eldre buande utanom Dale, noko som ein må ta høgde for i planlegging av helsetilbodet i framtida.

Dersom ein ser på endring i folketal frå 2021-2022 vil vi sjå at folketalsveksten i sentrum har stagnert og at auken i folketalet er i Flekke og i ytre delar av kommunen. Mykje av veksten i Flekke knyt seg til

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

UWC, men det er ikkje heile forklaringa. Det er ekstra gledeleg at vi no har folketalsvekst i ytre delar av Fjaler kommune.

Grunnkrets	Personer										
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
46460201 Flekke - Espedal	571	475	502	477	464	469	486	455	442	463	533
46460202 Hovlandsdal	61	60	56	55	55	51	47	48	48	53	50
46460203 Guddal - Heggheim	113	115	113	116	115	115	112	111	102	109	107
46460204 Øvre Vassdalen	78	72	68	70	69	65	64	66	66	65	62
46460205 Nedre Vassdalen	183	191	192	190	180	184	183	184	167	159	156
46460206 Bjerga - Bortheim - Jarstad	519	516	517	516	519	515	530	549	528	526	521
46460207 Dale - Sletteland	436	457	476	474	472	484	500	507	523	525	521
46460208 Sagevik - Yksnebjør	267	271	270	263	274	300	300	303	284	301	312
46460210 Fure	85	91	92	87	87	86	81	72	67	59	67
46460211 Folkestad	73	79	75	76	71	72	71	71	73	69	79
46460212 Våge	219	198	198	198	197	189	188	186	189	187	194
46460213 Lone	126	121	114	118	118	114	119	119	120	118	112
46460214 Gjølanger	151	154	155	154	149	140	144	138	127	129	129
46460215 Tyssedal	24	26	34	37	36	35	32	35	32	37	40
46469999 Uoppgitt grunnkrets	3	6	9	22	15	11	5	2	2	2	2

Folkemengd, etter grunnkrins (kjelde: SSB)

Befolkningsframskrivning: For perioden 2022-2042 er estimatet frå SSB at Fjaler kommune vil ha ei vekst på 128 innbyggjarar, dette er lang under det som er målsetjinga i kommuneplanen.

	Hovedalternativet (MMMM)									
	2024	2026	2028	2030	2032	2034	2036	2038	2040	2042
4646 Fjaler	2 881	2 901	2 917	2 933	2 950	2 965	2 979	2 993	3 004	3 013

Tabell 12882 –Framskrevet folkemengde (Kjelde SSB)

Ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår

Vi har dei siste åra opna ny barnehage i Dale, miniatyrskytebane, barnehage på Våge, kunstgrasbane og trimrom ved Våge skule og ny 1-10 skule i Dale. Snart vil det i tillegg stå klar ein ny kaldhall på Dingemoen.

Vidare i planperioden er det sett av midlar til tettstadutvikling i Dale og forprosjekt som skal sjå på ny gravplass i Dale.

På Helseområdet blir det jobba med eit forprosjekt som skal sjå bygging av heildøgnsbemannna omsorgsbustader og midlar til innføring av meir velferdsteknologi. Det siste er eit viktig punkt for at folk få bu så lenge som mogleg i eigen heim. – Dette er er realisering av tiltaka som er vedtekne i helsestrategien til Fjaler kommune.

Beredskap: nytt beredskapsbygg som skal innehalde amulansesentral, brannstasjon og lokale til sivilforsvaret og vil stå ferdig i siste halvdel av 2022.

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Vekst i næringslivet

	Sysselsatte personer etter arbeidssted								
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
K.4646 Fjaler									
00-99 Alle nærlinger	1 240	1 290	1 262	1 275	1 351	1 377	1 376	1 378	1 317
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	136	143	139	129	118	120	115	111	122
05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	3	0	0	3	0	3	3	:
10-33 Industri	26	22	17	17	16	15	15	18	20
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	9	9	9	10	11	8	8	5	9
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	128	123	146	142	145	140	136	142	163
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	115	130	127	121	130	132	137	130	100
49-53 Transport og lagring	59	56	60	39	77	78	73	91	90
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	16	9	13	18	22	17	16	22	24
58-63 Informasjon og kommunikasjon	71	81	87	92	96	101	104	107	60
64-66 Finansiering og forsikring	10	9	9	9	12	15	13	12	:
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	40	43	44	50	57	49	49	45	39
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	10	10	12	10	14	23	23	18	30
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	57	60	55	53	52	49	47	61	55
85 Undervisning	185	180	169	178	174	196	201	200	193
86-88 Helse- og sosialtjenester	348	378	343	371	384	402	405	382	363
90-99 Personlig tjenesteyting	24	25	22	23	28	23	22	22	27
00 Uoppgett	6	9	10	13	12	9	9	9	9

Kjelde: SSB Tabell: 07984: Sysselsette per 4. kvartal, etter arbeidsstad

Fjaler kommune har dei siste ti åra hatt ein arbeidsplassvekst på 6,2%, det utgjer 77 nye arbeidsplassar, men veksten avtar og dersom ein isolert ser på endriga frå 2019-2020 er utviklinga negativ og vi har ein redusksjon på 61 arbeidsplassar.

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

	Sysselsatte personer etter bosted									
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	
K.4646 Fjaler										
00-99 Alle næringer	1 353	1 377	1 356	1 362	1 377	1 361	1 321	1 328	1 353	
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	134	140	124	135	123	119	108	108	123	
05-09 Bergverksdrift og utvinning	29	33	28	27	25	24	30	35	39	
10-33 Industri	84	85	89	80	76	68	62	61	74	
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	16	13	11	15	16	18	16	14	15	
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	120	119	134	131	137	132	123	118	145	
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	135	137	145	131	136	132	131	128	100	
49-53 Transport og lagring	67	66	72	56	52	60	57	60	56	
55-56 Overnatnings- og serveringsvirksomhet	14	13	19	18	24	20	17	15	21	
58-63 Informasjon og kommunikasjon	45	46	47	52	48	52	57	55	44	
64-66 Finansiering og forsikring	16	17	15	13	16	10	13	12	9	
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	49	51	50	51	55	54	46	46	49	
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	25	25	20	22	17	26	28	31	45	
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	64	62	58	55	52	52	50	58	52	
85 Undervisning	188	184	181	184	185	191	189	184	175	
86-88 Helse- og sosialtjenester	328	347	324	349	368	361	351	353	356	
90-99 Personlig tjenesteyting	33	36	35	32	38	33	34	38	38	
00 Uoppgett	6	3	4	11	9	9	9	12	12	

Kjelde: SSB Tabell: 07984: Sysselsette per 4. kvartal, etter bosted og næring, endring 2012-2021

Frå Fjaler kommune si side vert det i planperioden viktig å støtte opp om nye bedrifter, men vel så viktig vert det å støtte opp under eksisterande verksemder. For at dei bedriftene skal vekse og utvikle seg i Fjaler er tiltak på samfunnsutviklingsnivå viktig. Her kan nemnast:

- Infrastruktur: FV 57, Bringeland, Fiber, Telefoni
- Utdanning: Støtte opp om Dale vidaregåande og Høgskulen på Vestlandet
 - Attraktivitet for til- og tilbakeflyttarar
- Tomter og bustadar
- Skule, barnehage

Samfunnstryggleik

Kommunane har dei siste åra fått nye oppgåver og eit større ansvar for å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. I planperioden er det lagt inn til saman kr 0,9 mill for sikring av bruer og vegar, kr 0,9 mill i trafikktryggingstiltak, kr 0,5 til forprosjekt rassikring og kr 0,6 mill til gatelys. Det er utarbeidd faresonekartlegging av Dale sentrum og elvane i samband med områderegulering Dale og prosjektering av gravplass. Det er ikkje lagt inn midlar til eventuelle utbetringar i etterkant av denne. Flaumsikring av elva må sjåast i samanheng med ny gravplass.

Klima og miljø

Klima og miljø har vore, og vil vere, eitt av fokusområda ved nybygg og rehabilitering. I hovudsak vil mykje av pengane verte brukt slik at ein utbetrar inneklimaet, får meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak reduserer energibruken.

Vi held på å fase ut fossile bilar. Alle bilar som blei skifta i 2021 er erstatta med el-bilar. I takt med overgang til el bilar må vi bygge ut infrastruktur for lading. Dette er no gjort i svehogen, på øyra, ved Fjaler helsetun og ved Fjalerhuset. I budsjettet for 2020 vart det løyvd midlar til utarbeiding av ny klima- og miljøplan. Dette arbeidet er ikkje starta opp, men skal prioriterast i 2022.

Infrastruktur

Vi gjorde eit løft på asfaltering av kommunale vegar i 2020. Tidlegare har det vore ein årleg sum til asfaltering – vi legg no inn ny asfaltering på kr 4 mill i 2023.

Det er ellereie løyvd midlar til utbygging av fiber i heile kommunen, men prosjekta er ikkje avslutta. Her er felles anbod med fylkeskommunen.

Styrking av Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

Fjaler kommune har vedteke at Dale skal vere ein levande tettstad med urbane kvalitetar der folk både jobbar og bur. Å skape liv i sentrum utover butikkane si opningstid er ei prioritert oppgåve. For å få det til må ein legge til rette for både busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod i sentrumskjerna. Det vert komande år utarbeidd områderegulering for Dale sentrum. Det er sett av kr 0,65 mill til eit forprosjekt på tettstadutvikling i Dale. Hovudprosjektet er lagt inn i 2022 med kr 3,5 mill

3.2 FN sine Bærekraftsmål

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Det vil sei at i løpet av 15 år skal ekstrem fattigdom utryddes, sosiale ulikskapar utjevnast og vi skal bremse klimaendringane. For at vi som medlemsland skal nå desse måla må vi ta det ned på kommunenivå og alle må brida. Det er ikkje sett lokale mål, men under ser de ei opplisting over dei internasjonale måla og kva vi har gjort lokalt for å bidra til å nå desse.

	Mål	Tiltak
	Utrydde fattigdom Utrydde alle former for fattigdom i heile verda	<ul style="list-style-type: none"> ○ Reduksjonforeldrebetaling SFO for låginntektsfamiliar ○ Redusert foreldrebetaling barnehage for låginntektsfamiliar ○ Vidareutvikle BUA ○ Tilskot gjennom barnevern for å sikre deltaking på fritid ○ Barnetrygd ut av grunnlag for tildeling av sosialstønad
	Utrydde sult Oppnå mattriggleik og betre ernæring og fremje eit berekraftig landbruk	<ul style="list-style-type: none"> ○ Folkehelsearbeid ○ «Fiskesprell»- barnehagane
	God helse og livskvalitet Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder	<ul style="list-style-type: none"> ○ Dagsentertilbod for eldre og demente ○ Dagsentertilbod til psykisk utviklinghemma ○ Folkehelsekoordinater ○ Ruskonsulent ○ Psykolog ○ Fellesprosjekt - innføring av velferdsteknologi ○ Auka ressurs til helsejukepleiar på skulane ○ Frisklivsentral ○ Alle har tilgang på lege ○ Kultursjef – Gode kulturtilbod og møteplassar ○ Tilrettelagde trenings- og friluftstilbod i heile kommunen
	God utdanning Sikre inkluderande, rettvis og god utdanning. Fremje muligheita for livslang læring for alle	<ul style="list-style-type: none"> ○ Inkluderande barnehage- og skulemiljø – Prosjekt 2020-2022 ○ Handlingsplan for godt og trygt skulemiljø
	Likestilling mellom Kjønn Oppnå likestilling og styrke jenter og kvinners stilling i samfunnet	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar ○ Lokal lønsplan – lik løn for likt arbeid ○ Arbeider for ein heiltidskultur

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

		<ul style="list-style-type: none"> ○ Positiv særbehandling av menn i yrke der dei er viktige rollemodellar på arbeidsplassar med stor overvekt av kvinner, td innan oppvekst ○ Lik løn for arbeid med lik kultur ○ Med i interkommunal samarbeid om krisesenter
 6 RENT VANN OG GODE SANITÆRFORHOLD	Reint vann og gode sanitærforhold Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vann og gode sanitærforhold til alle	<ul style="list-style-type: none"> ○ Hovudplan for vann ○ Hovudplan for avløp ○ Vassdirektiv – med i Sunnfjord vassområde
 7 REN ENERGI FOR ALLE	Rein energi til alle Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris	<ul style="list-style-type: none"> ○ SFJ sin fusjon med BKK gav inngygjarane i Fjaler ein reduksjon i nettleiga på om lag 25% ○ Tilrettelegging av vindkraft på Lutelandet (i tillegg til ny kraftlinje) ○ Eigarskap i BKK (visjon om å lede an i utviklinga av klimavennleg energi – eit av satsingsområda er vasskraft)
 8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST	Anstendig arbeid og økonomisk vekst Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle	<ul style="list-style-type: none"> ○ Digitalisering (samarbeid vestland) ○ Vekst i tal arbeidsplasser ○ Bidrag til fjaler næringsutvikling ○ Innkjøpsstrategien
 9 INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR	Industri, innovasjon og infrastruktur Bygge solid infratruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> ○ Avsett midlar med mål om at alle i Fjaler skal ha Fiber ila 2022/23 ○ Kommuneplanen sin arealdel ○ Prosjekt på for å vidareutvikle industriområdet på Lutelandet
 10 MINORE ULIKHEIT	Mindre ulikskap Redusere ulikskap i og mellom land	<ul style="list-style-type: none"> ○ folkehelsarbeid
 11 BÆREKRAFTIGE BYAR OG SAMFUNN	Bærekraftige byar og lokalsamfunn Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge robuste og bærekraftige	<ul style="list-style-type: none"> ○ Aktiv på dag for eldre ○ DigiDeg ○ Satsing på velferdsteknologi ○ Lokal transportordning for ungdom ○ Merkurprogram på hellevik ○ Bustad sosial handlingsplan ○ Kommuneplanen sin arealdel ○ Kulturminneplan ○ Overordna Ros analyseberedskap ○ Stiprosjekt

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

		<ul style="list-style-type: none"> ○ Bua og frivilligsentral ○ Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
 12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON	Ansvarleg forbruk og produksjon Sikre berekraftig forbruks- og produksjonsmønstre	<ul style="list-style-type: none"> ○ Berekraftig utvikling inn som tema i skulen* - Kunnskapsløftet 2020 ○ Rammeplan for barnehagar
 13 STOPPE KLIMAENDRINGENE	Stoppe klimaendringane Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringar og konsekvensane av dei	<ul style="list-style-type: none"> ○ Utarbeiding av ny klima- og miljøplan ○ Utfasing av fossile bilar ○ Utskifting til ledbelysning inne og ute ○ Fornyng av varmekjelder
 14 LIV UNDER VANN	Livet i havet Bevare og bruke havet og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none"> ○ Marin opprydding –med i prosjekt «Rydd norge vestland» ○ Marint vern Dalsfjorden ○ Strandryddedag - skule
 15 LIV PÅ LAND	Livet på land Beskytte, gjenopprette og fremje berekraftig bruk av økosysteme, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjemp ørkenspreiin, stoppe og reversere landforringelse i tillegg til å stoppe tap av artsmangfold	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunedelplan for naturmangfold ○ Plan for Flekke og guddalsvassdraget
 16 FRED OG RETTFERDIGHET	Fred, rettferd og vefungerande institusjonar Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, syte for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå	<ul style="list-style-type: none"> ○ Handlingsplan mot vald i nære relasjoner
 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE	Samrbeid for å nå måla Styrke verkemidla som treng for å gjennomføre arbeidet og fornye globale partnerskar for berekraftig utvikling	<ul style="list-style-type: none"> ○ Frivilligsentral med volontørordninga ○ Tverrfagleg samarbeid ○ Eldreråd

* **Nye læreplanar for skule – kunnskapsløftet 2020** er berekraftig utvikling ein viktig del. Frå overordna del;

Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skulen skal leggje til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje moglegheitene framtidige generasjonar har til å dekkje sine behov. Ei berekraftig utvikling byggjer på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levesettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Skulane i Fjaler har dette som ein viktig del av planlegginga framover og nokre er allereie tungt inne i dette arbeidet.

Punktvis ○ Turar og leik i nærmiljøet, lærer om planter og småkryp.

- Lære om nærområdet og lokalhistoria ○ Rydder etter oss når vi har gått på tur, tek med oss boss. ○ Sorterer boss.
- Sår frø, set poteter
- Lære å nytte naturressursar, m.a.hjorteprosjekt, fiskeprosjekt ○ Samarbeid på tvers av alder
- Fokus på fysisk aktivitet og mykje uteaktivitet
- Strandryddedagar ○ Ryddedagar i grendene
- Redusert foreldrebetaling barnehage og sfo for familiarar
○ Miljøkoordinatorar på 2 skular

4 Økonomiske råmer og finansielle tilhøve

4.1 Inntekts-og formuesskatt, eigedomsskatt og rammetilskot frå staten

Anslag skatteinntekter	94 881 652
+	
Totalt rammetilskot	129 410 000
+	
Anslag frie inntekter	224 291 652

Inntekts- og formueskatt

Skatteinntektene, inkludert inntektsutjamninga er estimert til 94 881 652 i 2022. Ettersom skatteinntektene 2022 ikkje er kjent før i januar 2023 er det gjort eit anslag for nivået på skatteinntektene i 2022. I anslager er det teke utgangspunkt i nivået på skatteinntektene i 2020. For den enkelte kommune er skatteanslaget for 2022 deretter framskrevet i tråd med veksten i det samla skatteanslaget. Det betyr at det er føresett ein lik skattevekst per innbyggjar, med fordeling som i 20120.

Etter kvart som skattetala føreligg vert skatteinntektene omfordelt mellom kommunar for å utjamne forskellar

Rammetilskot

Slik vert det samla rammetilskotet berekna

	2022	2021	2020
Innbyggjartilskot før omfordeling	74 349 867	69 777 498	69 682 000
Omfordeling:			
Utgiftsutjamning	46 772 087	46 755 940	46 830 000
Korreksjon for elevar i statlege og private skular	1 791 709	1 863 573	1 666 000
Tilskot med særskilt fordeling	909 000	827 000	1 508 000
Inntektsgarantiordninga (INGAR)	-137 245	-106 426	-150 000
Regionalpolitiske tilskot:			
Distriktstilskot Sør- Norge	4 225 000	4 225 000	4 114 000
Skjønsmidlar	1 500 000	1 500 000	1 600 000
Totalt rammetilskot	129 410 000	124 843 000	125 250 000

Innbyggjartilskot:

Innbyggjartilskotet vert først fordelt med eit likt beløp pr innbyggjar. For 2022 er dette berekna til å vere kr 26 133

Korreksjon for elevar i statlege og private skular:

Enkelte kommunar har elevar i statlege og private grunnskular. Trekkordninga gjer at desse kommunane vert trekt eit gitt beløp per elev som dei yt grunnskuletenester til. Summen av trekk frå kommunar med elevar i statlege og private skular vert fordelt ut att til alle kommunane i landet etter kommunen sin del av berekna utgiftsbehov (kostnadsnøkkelen).

For Fjaler kommune vert dette utslaget:

Trekk for elever i statlege og private skular	-103 800
+ Landssum fordelt etter kostnadsnøkkelen	1 895 509
= Omfordeling statlege og private skular	1 791 709

Tilskot med særskilt fordelig:

Nokre einskilde saker vert ikkje fordelt etter inntektssystemet sine ordincere kriterier, men vert gjeve i ei særskild fordeling.

Saker med særskild fordeling for Fjaler kommune i 2022 er :

Sak	Fordeling beløp
Helsestasjon/ Skulehelsetenesta	610 000
Særskilte saker enkeltkommunar	299 000
Kompensasjon barnevernsreform	299 000
Sum tilskot med særskilt fordeling	909 000

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Dette tilskotet skjermar kommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Tilskotet fungerer slik at det tek lang tid før større endringar får fullt gjennomslag i inntektssystemet, medan det tek kortare tid for mindre endringar. Sidan INGAR er ei ordning for omfordeling, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp pr. innbyggjar. Ingen kommune skal ha ei vekst i rammetilskotet frå eitt år til det neste som er lågare enn 400 kroner under veksten på landsbasis, målt i kroner per innbyggjar.

Veksten i rammetilskotet frå 2021 til 2022 er på landsbasis -145 kroner per innbyggjar. Det betyr at at kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn -545 kroner pr innbyggjar, vil bli kompensert opp til denne vekstgrensa

Fjaler kommune sin vekst i rammetilskotet frå 2021 til 2022 er 1 146 kroner per innbyggjar, og kommunen får difor 0 kroner per innbyggjar gjennom inntektsgarantiordninga.

Alle kommunar er med å finansiere inntektsgarantiordninga og vert trekt med eit likt beløp pr. innbyggjar. For 2022 er trekket på kr -48 kroner pr innbyggjar.

Skjønsmidlar

Skjønsmidlar vert nytta for å kompensere kommunar for spesielle lokale tilhøve som ikkje vert fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Skjønsmidlane er for 2022 sett til kr 439 740 000 for alle

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

kommunane i Noreg. Fjaler kommune får for 2022 eit skjønstillskot på kr 1 500 000, dette er uendra frå 2021

Tildelinga skjer fylkesvis, det vil sei at det er Statsforvaltaren som tildeler til kommunane.

I 2021 fekk vi i tillegg til den ordinære ramma eit skjønstillskot som blir gitt til små kommunar som har særskilt høge kostnader til ressurskrevjande tenester. Dette er vidareført i statsbudsjettet for 2022.

Tal i heile tusen

År	2018	2019	2020	2021	2022
Ordinære skjønsmidlar	2 300	1 700	1 600	1 500	1 500
Skjønsmidlar ressurskrevjande				550	560

Utgiftsutjamning

Gjennom utgiftsutjamning vert rammetilskotet til dei kommunane som er lette å drive redusert, og dei relativt sett tungdrivne får ekstra overføringer. Dette vert gjort gjennom berekning av ein behovsindeks. Tabellen under syner kva faktorar som er med, og utrekninga av behovsindekksen for Fjaler kommune. Bak kriteria i tabellen ser vi verdien på kriterieindeksen. Der verdien er under 1 ligg vi under gjennomsnittet for landet, medan der er over 1 ligg vi over gjennomsnittet for landet. Fjaler kommune har for 2022 ein samla behovsindeks på 1,2783, noko som betyr at kommunen er 27,83 % meir tungdriven/kostnadskrevjande enn snittet av kommunane i Noreg.

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Kriterium	Vekt	Kriterieindeks
<u>Innbyggere 0-1 år</u>	0,0057	0,8548
<u>Innbyggere 2-5 år</u>	0,1355	0,8978
<u>Innbyggere 6-15 år</u>	0,2632	1,0651
<u>Innbyggere 16-22 år</u>	0,0236	1,5731
<u>Innbyggere 23-66 år</u>	0,1051	0,8233
<u>Innbyggere 67-79 år</u>	0,057	1,3096
<u>Innbyggere 80-89 år</u>	0,0775	1,4826
<u>Innbyggere 90 år og over</u>	0,0389	1,0495
<u>Landbrukskriterium</u>	0,0021	4,8475
<u>Reiseavstand til nærmeste sonesenter</u>	0,01	2,9060
<u>Reiseavstand til nærmeste nabokrets</u>	0,01	2,4496
<u>Gradert basiskriterium</u>	0,0159	6,2377
<u>Innvandrere 6-15 år</u>	0,007	1,0360
<u>Dødelighet</u>	0,0459	1,1260
<u>Barn 0-15 år med enslig forsørger</u>	0,0186	0,7870
<u>Lavinntektskriteriet</u>	0,0117	1,0718
<u>Uføre 18-49 år</u>	0,0063	0,7637
<u>Flyktninger uten integreringstilskudd</u>	0,0082	0,1624
<u>Opphopningsindeks</u>	0,0093	0,1729
<u>Psykisk utviklingshemmede 16 år og over</u>	0,0491	3,1425
<u>Ikke-gifte 67 år og over</u>	0,0459	1,3217
<u>Barn 1 år uten kontantstøtte</u>	0,0165	1,0028
<u>Innbyggere med høyere utdanning</u>	0,0181	0,8235
<u>Aleneboende 30-66 år</u>	0,0189	0,7520

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein communal skatt som vert skriven ut i samsvar med lov om eigedomsskatt til kommunane, samt vedtekter godkjent av kommunestyret.

Eigedomsskatt vart innført for alle eigedomar i Fjaler kommune med verknad frå 2011

Eigedomsskatt	2022	2023	2024	2025
Hus, hytter og ubebygd grunn	3 650	3 650	3 650	3 650
Næring, verk og bruk	5 537	5 485	5 433	5 433
Sum	9 187	9 135	9 083	9 083

I budsjettframlegget er satsen for næring sett til 7 promille, dette er uendra frå 2021. På hus og hytter ligg vi på maks sats som er 4 promille, også uendra frå 2021.

I 2019 gjorde Stortinget vedtak om å fjerne kommunane sin moglegheit til å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk. Endringa inneber at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal reknast med i grunnlaget for utrekning av eigedomsskatt.

Endringa omfattar ikkje kraftindustri.

Dei vedtok ei nedtrapping på 5 år slik at kommunane får tid til å omstille seg. Eigedomsskatten på verk og bruk (med unntak av kraft) er difor redusert med 20% årleg i planperioden. Samla sett fører dette til ein reduksjon i inntekta på kr 0,27 mill. kr for Fjaler kommune.

Havbruksfond

I 2015 vedtok stortinget av kommunane skulle få 80% av inntektene knytt til sal av nye oppdrettstillatelsar og vekst innafor næringa. Målet er å stimulere kommunar til å legge til rette for havbruksnæringa. Dette er frie inntekter.

I 2020 vedtok stortinget ei innstramming i ordninga. No skal næringa betale ei produksjonsavgift til kommunen. I tillegg kjem 40% av salgs- og auksjonsinntekter. Det betyr at vi framover vil få mindre utbetalingar frå fondet enn det vi har motteke i perioden 2016-2021. Produksjonsavgifta blir overført til kommunane årleg, medan salgs- og auksjonsinntektene kjem annankvart år.

	2022	2023	2024	2025
Produksjonsavgift	1 835	1 835	1 835	1 835
Fond	3 300		3 300	
Sum utbetaling	5 135	1 835	5 135	1 835

Produksjonsavgift vindkraft

	2022	2023	2024	2025
Produksjonsavgift Vindkraft		1900	1900	1900

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

I framlegg til statsbudsjett er det føreslått ei avgift på landbasert vindkraft på 1 øre pr kwh. Inntektene tilfeller statskassen men blir fordelt ut til vertskommunane. Det er lagt opp til at første innbetalinga skjer i 2023. Føresetnaden er at avgift vert gjeldande frå januar 2022.

Utbyteinntekter

Selskap	2022	2023	2024	2025
BKK	4 840	4 840	4 840	4 840
Sogn og Fjordane Energi	1 430	1 430	1 430	1 430
Firda Billag				
Sum utbyte	6 270	6 270	6 270	6 270

I tabellen over er det lista opp budsjettetert utbyte i planperioden frå selskap vi har aksjar i.

5. Oppvekst

5.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- Pensjonspåslaget til private barnehagar endra frå 13 til 11 prosent.
- Makspris foreldrebetaling pr månad heildagstilbod auka med 95 kr.
- Ambisjon om at 50% av dei tilsette i barnehage skal vere barnehagelærarar innan 2025
- Gratis SFO for 1. trinn?
- Gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar
- Fleire vidareutdaningsplassar innan spesialpedagogikk for barnehagelærarar og lærarar.
- Ekstra time naturfag i ungdomsskulen
- Ny integreringslov frå 01.01.2021 gjeldande for dei som er busette etter den datoен.
- Ingen nye satsingar eller føringar for kulturskule.

Mykje er enno usikkert, då ny regjering nok kjem til å gjere nokre endringar. Men uansett kva regjering så viser det seg at kommunane ikkje vert kompensert fullt ut for nye satsingar.

5.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg

Sektor	R 2020	B 2021	2022	2023	2024	2025
Teknisk	71 179	73 952	75 309	72 919	73 189	73 569

3% saldering vil etter 1 utkast til budsjett for einingane utgjere kr. 2 433 000.

Vi har ikkje lagt inn endringar på skulestruktur, men frå august 2022 vil Våge skule og Våge barnehage verte ei eining med felles leiar.

Barne- og elevtalet er ganske stabilt frå førre år. Men usikre faktorar er spesialpedagogiske tiltak. Det er vanskeleg å sjå eitt år fram i tid. Men det vi erfarer er at trangen for slike tiltak ikkje går ned.

Kulturskulen er lagt inn med 0,9% av nettoramme. Det same som sist år. Om Askvoll kommune går inn i samarbeidet, så vil vi kunne få ein liten stordriftsfordel der, men det er pt usikkert om Askvoll vil inn.

Vedlikehaldsbehovet er stort på dei to utkantskulane våre. I tillegg til materialslitasje, så er behovet for kontorarbeidsplassar og garderobefasilitetar stort. I Flekke er det og trøng for fleire rom.

For flyktingtenesta har vi lagt inn i budsjettet tal flyktningar vi har fått spørsmål om å busetje i 2021. I år har vi bustett 6 stk, og ventar på 4. Vi har ikkje lagt inn nokre for 2022, då det er stor usikkerheit rundt om vi i det heile får førespurnad om å busetje i 2022.

PPT. Her har 2 kommunar, Gulen og Masfjorden, trekt seg ut av samarbeidet. Vi arbeider for å halde kostnaden på same nivå som no.

5.3 Nye tiltak som er lagt inn i planperioden

- Felles leiing Våge skule og barnehage
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Nasjonal satsing der Fjaler er 1 av 6 kommunar i Vestland.
- IKT – elevmaskiner og ikt-utstyr
- Utemiljø på skulane
- Arbeid med romproblematikk og framtidige løysingar Flekke skule og barnehage
- Det vert arbeidd med å lage tilstandsrapport på Våge skule. Dette skal danne grunnlag for framtidige investeringar.

5.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

Eining	Tiltak	Kostnad

6 Helse og Omsorg

6.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- Barnevernsreforma gir kommunane eit større økonomisk og fagleg ansvar. Tilskot vil no kome over ramma og ikkje øyremerkast til barnevern.
- Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse held fram – midlane kjem som ein del av veksten i dei frie inntektene.
- Satsing på barnekoordinatorar og rus-saker.
- Covid-19 vaksinasjon og beredskap
- Handlingsplanen for allmennlegetjenesten held fram med å styrke fastlegeordningen.
- Investeringstilskot til heildøgns omsorgsplasser og tryggleiksbustader.
- E-helseløysing – endring i pasientjournallova. Plikt til å betale for kostnadane til forvaltning og drift i helsenettet.
- Ressurskrevjande tenester:
- Innslagspunktet aukar til kr 1 430 000 – ein auke på kr 46 000 utover lønsvekst per brukar
- Uendra kompensasjonsgrad på 80%

6.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg

Helse og omsorg består av følgjande tenester: fellestener, heimetener, sjukeheim, miljøtenester, helsetener, barnevern og NAV. Det siste året har helse og omsorg arbeida mykje med korona. Ny organisering har begynt å ta form og vi arbeider stadig med kvalitetsforbetring og vidareutvikling.

Dei ulike einingane skal yte forsvarleg og individuell tilpassa tenester til barn, unge og vaksne ut frå gjeldande lovverk.

Sektor	R2020	B 2021	2022	2023	2024	2025
Helse og omsorg	107 740	111 649	112 564	114 157	115 357	115 257

I fleire av einingane har behovet endra seg. Det er behova som styrer tenestene våre og desse er i kontinuerleg endring. Tal pasientar/brukarar er stadig i endring og det er mange uføresette moment i budsjettet.

Helse og omsorg har ein auke i budsjettet frå førre år.

Hovudårsakene er:

- Auke i BPA-tenester
- Ressurskrevjande brukar i miljøteneste
- Innleige av privat firma
- Auka behov for heimetener i heile kommunen
- Legetenester har dei siste åra hatt stor auke i utgifter. Dette er grunna koronasituasjon og auka lønskostnader.
- Auka tenester til barn og unge.
- Auka kostnad til medisinsk forbruksmateriell og medikament.

Barnevernsreform fører til reduksjon i tilskot som frå 2022 kjem over ramma

6.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Fellesteneste har auke tenester på BPA.

Heimetenesta har auke i søknader om helsehjelp utanfor sentrum. Dette fører til auka arbeidsmengde spesielt på kveld og helg. For at søkerar skal kunne få den helsehjelpa dei har krav/vedtak på, og for å unngå sjukeheimsinnlegging må ein auke bemanning på kveld og helg.

Vevang produksjon utfører praktisk bistand. Dette fører ikkje til ekstra kostnader då vi har redusert stilling.

Sjukeheimen har ingen nye tiltak.

Miljøtenesta har ein auke i tenestene til barn og unge.

Helseneste

Fysio/ergo har liten endring.

Helsestasjonen har liten endring.

Legekontoret har stor auke i kostnader grunna ulike årsaker. Hovudårsaka er auka lønsutgifter. Kommunen tilsette kommuneoverlege i november 2021. Ei anna årsak til budsjetttauke er auke i refusjonar til fastlegane.

Psykisk helse har liten endring.

Barnevern. Innføring av barnevernsreform vil få både fagleg og økonomisk konsekvens.

NAV har ein auke på ekstravaktbudsjett grunna for lite ressursar til oppgåveløysing, men har ikkje auka budsjettet over ramma.

6.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

Eining	Tiltak	Kostnad (tusen)
HAFS barnevernteneste	Auke merkantilstillingressurs frå 60 % til 100%	250
NAV Fjaler	Ekstra stillingsressurs til sakshandsaming startlån, bustadtilskot og økonomisk rettleiing/gjeldssaker.	600
Dagsenter Øyra	Stillingsressurs til dagsentertilbod for personer med psykisk utviklingshemming.	600

7 Tekniske tenester

7.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

7.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg

Tekniske tenester består av ei kontoravdeling, driftssentral, reinhaldssentral, deltids brannvesen og sjølvkostområda.

Sektor	R 2020	B 2021	2022	2023	2024	2025
	17 390	17 388	18 684	17 700	17 255	17 112

7.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

Teknisk kontor

Auka budsjettramme som følgje av ny 100% stilling på byggesak

Reinhald

Samla behov for reinhald er auka gjennom 2021.

Ny skule opna i august 2021 og samla behov for reinhald er noko større enn for gamle skulen og ungdomsskulen. Samla areal er ca 400 m² større, samt at det er dagleg vask på fleire rom enn tidlegare. Deler av ungdomsskulen er og framleis i bruk og det medfører ekstra utgifter til reinhald.

Auka vikarutgifter som følgje av høgt sjukefråvær og gjennomføring av nedvask. Har mange bygg med små stillingsprosentar der det er spesielt utfordrande med å skaffe vikar då det omfattar fleire bygg og vikarar som ikkje har opplæring alle stader.

Reinhaldskurs er gjennomført i 2021 for nesten alle dei faste reinhaldarane. Det er planlagt gjennomføring av ergonomikurs på nyåret 2022 som eit tiltak for å heve fagkompetansen samt å forebygge og redusere sjukefråværet.

Vurdere innleige av reinhaldsteneste på mindre bygg i Dale sentrum

Vurdere bruk av vaskerobot i areal med store golvflater som for eksempel dansesalen. Kostnader til innkjøp av nytt utstyr er ikkje budsjettert.

Teknisk drift

For drift av kommunale bygg er dei største kostnadane knytt til lønn og serviceavtalar.

Budsjettframlegget innhold auka utgifter til serviceavtalar samt reperasjon og vedlikehald som oppfølging etter gjennomført service. Dette gjeld jamt over for alle bygg då utgiftene her er høgare enn tidlegare budsjettert. Kostnad med serviceavtalar auka mest for for nye Våge barnehage og Dingemoen skule.

Det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering.

Budsjettframlegget dekkar ikkje nødvendige utgifter til vedlikehald og etterslepet blir stadig større og behovet for større rehabilitering aukar år for år. Ser ein vekk frå utgifter til lønn, felles utgifter for driftsentralen og faste serviceavtalar har ein ca 500 000 til å dekke årlege utgifter til

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025
forbruksmateriell, inventar og utstyr, material til vedlikehald og byggtenester (innleige av elektriker, rørlegger mm.) for kommunen si samla bygningsmasse.

Teknisk og oppvekst har framleis driftskostnader for Guddal skule, Hellevik skule/barnehage og Fjaler ungdomsskule. Fortsatt drift av ungdomsskulen gjev liten/ingen reduksjon i driftsutgiftene.

Drift av bygningane Våge skule og barnehagen ligg ikkje under driftsentralen og teknisk sitt budsjett per i dag, men det er foreslått flytta over til teknisk sitt ansvarsområdet. Kostnader til serviceavtalar er tatt med i budsjettframlegget, men ikkje andre kostnader til drift av bygga. Budsjett for dette må flyttast frå skule/barnehage sitt ansvarsområde til teknisk.

Vegbudsjettet vart for 2020 auka som følgje av opptak av nye kommunale vegar. Vegane som vart asfaltert i 2020 kan samtidig lette vedlikehaldskostnadane dei neste åra. Samstundes er mange av dei nye vegane som er tatt opp som kommunale vegar er grusvegar og medfører ein auke av kommunale grusvegar. Vegbudsjettet er med unntak av 2020 redusert vesentleg over dei siste åra noko som gjer at vedlikehaldet er redusert til eit minimum.

Brøytekontraktene skal ut på nytt anbod frå sesongen 2022/2023 og det er forventa ein auka kostnad til vintervedlikehaldet. Det må og vurderast anbod for innkjøp av strøgrus, grus til vedlikehald, setting av brøystestikker og kantslått. Kostandsauke som følgje av dette svært usikre og er ikkje tatt med i budsjettframlegget.

Sjølvkostområda (vatn, avløp og feiing)

Fjaler kommune nyttar EnviDan sitt verktøy Momentum Selvkost Kommune til berekning av sjølvkost for områda vatn og avløp, feiing, byggesak, plan og oppmåling. Dette gjev god oversikt og sikrar fastsetting av gebyr i henhold til sjølvkostprinsippet. Vatn, avløp og feiing ligg under sjølvkostområda på ansvar 603, medan plan, byggesak og oppmåling ligg under teknisk konto, ansvar 600.

Det er ein budsjettfeil i budsjettet for 2021 som gjeld avsetning til sjølvkostfond som og gjev ein følgjefeil for budsjettet for 2022. Dette medførerer et avvik på budsjettframlegget for 2022 på kr – 986 682.

Sjå vedlagt budsjetttskriv for sjølvkostområda og kommunale gebyr for 2022.

7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

Eining	Tiltak	Kostnad
Teknisk drift	Nye brøytekontrakter (10% auke)	400 000
	Kostnadsauke vegvedlikehald og materiell	100 000
	Sommarvikar driftsentralen	100 000
	Etterslep kommunale bygg	500 000
Reinhald	Innkjøp av nytt utstyr	100 000
	Sommarvikar	100 000

8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur

8.1 Nye nasjonale satsingar, føringar og målsetjingar

- Finansiering av Frivilligsentralar vart trekt ut frå ramma i 2021 og gjort om til ei øyremarka tilskot, dette blir vidareført i 2022

8.2 Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg

Sektor	R 2020	B 2021	2022	2023	2024	2025
	31 987	16 989	19 553	18 825	18 404	19 404

Kommunedirektør:

1 framlegg viser eit innmeldt behov samla for sektoren på kr 21,347 mill. Årsaken til auken er i hovudsak at lønsauken for 2022 og den lokale potten for 2021 ligg på ansvarsområdet. Desse skal fordelast ut på einingane når lønsoppgjeren for 2022 er klart. Elles er der ingen små endringar i budsjettet frå 2021.

Kultur:

Vi har stabil arbeidsstokk og det er ikkje signal om endringar i drifta. Det som i størst grad kjem til å endre drifta det neste året er den forhåpentlegvis midlertidige flyttinga frå Samvirket til Fjaler ungdomsskule i perioden som Samvirket skal renoverast.

Tusenårsstaden med Badet, Gamleskulen og Gamle skulehuset, Samvirket, dansesal og skytesal, Dagsturhytta på Bygdeheia og Fredensborg er eigedommane som kulturkontoret har ansvar for. Kulturavdelinga har også overtatt ansvaret for drift av naustet i Badevika frå Fjaler ungdomsskule.

Planane som ligg til grunn for arbeidet vårt er Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som er under revidering og skal vedtakast desember 2021 og Kulturminneplan for Fjaler kommune 2019-2023. Vi har mål om å lage ein strategisk kulturplan i 2022.

2021 har også vore prega av pandemi og har ført til at det har vore gjennomført færre arrangement.

Frivilligsentralen har hatt to volontørar frå Tyskland frå haust 2020 til haust 2021. Truleg vert det ei frå Tyrkia og ei frå Tyskland frå november 2021. Denne ordninga er framleis vanskeleg å forholde seg til då regjeringen har sluttat å støtte ordninga nasjonalt.

Landbruk: Auken i LAF sitt budsjett skuldast at dei hadde vakanse i 2021. Kontoret er no fullt bemanna, difor auka ramme utover estimert lønsauke 21-22

8.3 Tiltak som er lagt inn i planperioden

- Utgifta til Geopark i HAFS er auka i samsvar med planen for prosjektet. Dette er ei tre-årig satsing og blir avslutta i 2023
- Ramma til Landbruk er auka noko, kontoret er no fullt bemanna.
- Det er lagt inn utgifter til kommunneval i 2023
- Folkehelsekoordinator stod vakant i 2021 – den er no inne igjen, men i redusert stillingsprosent for 2022. I tillegg er den flytta frå kommunedirektør til kommunalsjef Kultur og samfunnsutvikling. Denne flyttinga har ikkje konsekvens for totalen på rammeområdet.
- Lagt inn kr 10 000 til vedlikehald i badevik
- Lagt inn kr 10 000 til vedlikehald av utstyr på Bua
- Auka lisenskostnad til Framsikt
- Nye M365 lisener til heile kommunen
- Auka straumutgiftene.

8.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i planperioden

Eining	Tiltak	Kostnad
500	Støtte til lag og organisasjonar	100 000
500	Medlemsavgift til foreiningar Kystkultur	10 000
100	Tilskot til Viosit Fjordkysten	280 000

Også i 2021 la vi inn eit ynskje om å ha ein pott midlar til ulike søknadar som kjem i løpet av året til ulike gode føremål. Dette har vore diskutert i Komité for oppvekst, flyktningeteneste og kultur tidlegare og desse såg behovet og ynskte at kulturleiar tok dette inn i budsjettprosessen. Det vart ikkje prioritert i 2021.

Fjaler kommune vart med i kystkultur.no i 2019. Det var då snakk om ei eingongsavgift for å verte medlem. Det er no bestemt at dei ynskjer ein årleg kontigent – 10 000 i året for Fjaler sin del. Dette vart også ynskt i 2021, men gjekk ikkje gjennom. Kontigenten vart likevel betalt av ordførar sitt budsjett slik at vi framleis er medlem. Det har vore lite kontakt med denne organisasjonen i 2021 – sjølv sagt mykje grunna pandemien. Usikker på kor viktig det er for Fjaler å vera med.

Kommunestyret bevilga for 2020 tilskot til Visit Fjordkysten- denne løyvinga var eittårig og er difor ikkje vidareført i Økonomiplanen for 2022-2025

9 Konsekvens- og salderingsbudsjett

9.1 Konsekvensjusteringar

Sektor	2022	2023	2024	2025
Fellestenester				
Husleige Samvirket fast		-150	-150	-150
Husleige Samvirket variabel		-50	-50	-50
tilskot til Jokb Sande senteret		-400	-400	-400
Auke i husleige kommunale utleigehusvære	-145	-145	-290	-290
Tilskot Geopark prosjekt		55	-221	-221
Handlingsplan Kulturminne årleg løying går ut		-100	-100	-100
Prosjektfinansiering Kommunalsjef kultur- og samf.	-70	-70	-70	-70
Vetrinær - reforhandle avtalen	133			
Sum Fellestenester	-82	-860	-1 281	-1 281
Helse og omsorg				
Gevinstrealisering velferdsteknologi		-100	-200	-300
Heimeteneste - auke i tal eldre			1 000	1 000
Dagsenter til personer med psy. Utvh.			350	350
Mat/ praktisk bistand			-50	-50
Heilårseffekt psykolog		520	520	520
Sum Helse og omsorg	420	1 620	1 520	
Tekniske tenester				
Beredskapsbygg - driftskotnader nytt bygg	20	100	100	100
Brøytekontrakt - reforhandling av avtalen		400	400	400
Husleigeinntekter beredskapsbygg	-115	-690	-690	-690
Vassavgift - Inntekter/ fondsregulering - sjølvkost		-197	-484	-612
Avløp - inntekter/fondsregulering - sjølvkost		-192	-350	-365
Sjølvkost på byggesak og oppmåling.-		-500	-500	-500
Sum Tekniske tenester	-95	-1 079	-1 524	-1 667
Oppvekst				
Spesped Dingemoen reduksjon i stilling		-410	-410	-410
1 klasse mindre på Dingemoen		-380	-380	-380
4 deling flekke			270	650
Flytte ungdomsstrinn på Våge til Dale		-1 300	-1 300	-1 300
Tilskot private barnehagar - reduksjon		-300	-300	-300
Sum Oppvekst	-2 390	-2 120	-1 740	
Netto endring i drift/ tenester	-177	-3 909	-3 305	-3 168
Finansielle føremål				
Avgift vinkraft		-1 900	-1 900	-1 900
Havbruksfond	-1 155	2 145	-1 155	2 145
Retakseing eigedomskatt		-1 500	-1 500	-1 500
Finans		-500	-500	-500
Auke i avdrag		709	-10	-70
Auke i renter		1 252	1 839	400
Sum Finansielle føremål	-1 155	206	-3 226	-1 425
Sum alle tiltak	-1 332	-3 703	-6 531	-4 593

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

9.2 Salderingsbudsjett

Tiltak	2022	2023	2024	2025
Sektorovergripande tiltak				
Pensjon	-1200	-1200	-1200	-1200
Aga pensjon	-127	-127	-127	-127
Sum Sektorovergripande	-1327	-1327	-1327	-1327
Fellestenester				
Kommunedirektør, kultur og LAF				
Kutt forbrukspostar ansvar 100	-290	-290	-290	-290
Aktivitetstilbod born og unge	-20	-20	-20	-20
Ferie- og fritidsmidlat eldre og utviklingshemma	-25	-25	-25	-25
Samvirket	-100			
Sum Fellestenester	-435	-335	-335	-335
Helse og omsorg				
Mindre kompetanseheving	-100			
Redusere utgifter til inventar	-65			
Redusere køyregodtgjersle	-14			
Reduksjon av innkjøp og auke eigenbetaling vaksiner	-65	-65	-65	-65
Bruke fond til å dekke utgifter kvalifiseringsstønad	-330			
Bruke avsette midlar til å dekke etableringstilskot	-370	-254	-254	-254
Redusere støttekontakt	-57	-57	-57	-57
Inventar BPA	-30			
Redusere dagsentertilbud på sjukeheimen	-200	-200	-200	-200
Reduskjon i personal ved auka pasientmengd	-300	-300	-300	-300
Reduksjon i sjukevikar	-100	-100	-100	-100
Redusere med 2 dagvakter i miljøtenesta	-290	-290	-290	-290
Redusere bemanning psykisk Helse	-361	-361	-361	-361
Reduksjon i ekstravakt psykisk helse	-70	-70	-70	-70
Redusere kurs barnevern	-10			
Pc utstyr barnevern	-50			
Auke inntekter	-458			
Redusere 1 dagvakt helg	-362	-362	-362	-362
Aktivisering unge heimebuande	-150	-150	-150	-150
Redusere avlastning barn- og unge	-86	-86	-86	-86
Skjønstilstskot Ressurskrevjande	-560	-560	-560	-560
Innslagspunkt uendra frå 2021 - tilleggsprop.	-360	-360	-360	-360
Sum Helse og Omsorg	-4388	-3215	-3215	-3215
Oppvekst				
Administrasjon oppvekst	-410	-410	-410	-410
Dingemoen skule - kutt i 2 stillingar	-970	-970	-970	-970
Flekke skule, 1/2 stilling	-292	-292	-292	-292
Våge, 1/2 stilling	-263	-263	-263	-263
Våge barnehage - kutte vikarutgifter	-107	-107	-107	-107
PPT	-60	-60	-60	-60
Flyktningetenesta	-58	-58	-58	-58
Yksnebjør barnehage	-273	-273	-273	-273
Sum Oppvekst	-2433	-2433	-2433	-2433
Tekniske tenester				
Reduksjon vikarutgifter reinhald	-281	-281	-281	-281
Sjukelønsrefusjon reinhald	-100	-100	-100	-100
Vegvedlikehald - innkjøp av materiell	-200	-200	-200	-200

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Sum Tekniske tjenester	-581	-581	-581	-581
Finansielle føremål				
Bruk av bundne fond		-400		
Avsetnad disposisjonsfond	127		1620	
Bruk disposisjonsfond		-808		-318
Endringar i statsbudsjettet - tilleggsprop.	-2700	-2700	-2700	-2700
Sum Finansielle føremål	-2573	-3908	-1080	-3018

	2022	2023	2024	2025
Budsjettavvik 1. framlegg	13 069	13 069	13 069	13 069
Tiltak/ konsekvesnar i planperioden Tabell 9.1	-1 332	-3 703	-6 531	-4 593
Delsum korrigert Budsjettavvik	11 737	9 366	6 538	8 476
Salderingstiltak	-11 737	-9 366	-6 538	-8 476
Balanse	0	0	0	0

Resultatet etter 1. framlegg var ein underbalanse i budsjettet på kr 13,1 mill. Sektorane vart bedne om å gjennomføre ei saldering på 3%, dette utgjere innsparinger for kr 6,85 mill. Konsekvensutgreiing ligg som vedlegg til saka.

For å legge fram ein plan i balanse er det gjort salderingar/ korrigeringar utover 3%. Tiltaka er lista opp i tabellen over.

10 Investeringsprogram 2022-2025

10.1 Investeringsprogram 2022-2025

Prosjekt	2022	2023	2024	2025
Veg og anna infrastruktur				
Asfaltering kommunale vregar		4 000		
Bruer og vegsikring		300	300	300
Trafikktryggingstiltak		300	300	300
Gatelys Hatledalen		800		
Gatelys Bjergelia	600			
Kartlegging rassikring Hatledalen-Yksnebjør	500			
Sum	1 100	5 400	600	600
Vatn og avlaup- sjølvkost				
Rehabilitering vannpumpestasjon Hatledalen	350			
Høgdebasseng Longehogen			5 000	5 000
Sum	350	0	5 000	5 000
Kommunale føremålsbygg				
Beredskapsbygg	22 500			
Fjalerhuset Brannsikring	1 500			
Kommunale bygg oppgradering	1 500	1 500	1 500	1 500
Mulighetsstudie Flekke skule og barnehage	500			
Øyra Tiltak ventailasjon	1 210			
Sum	27 210	1 500	1 500	1 500
Kommunale tiltak/planar				
Tettstadprosjekt Dale		3 500		
Sum	0	3 500	0	0
IKT og utstyr				
Fornying Klassesett	500	500		
Framsikt	250			
Utstyr Driftssentralen	160			
Sum	910	500	0	0
Kyrkje og kultur				
Gravplass				
Guddal kyrkje vindauge			300	
Dale Kyrkje	300	300		
Løpebane Dingemoen	600			
Kunstgrasdekke Dingemoen Idrettspark			2 500	
Uteområde rundt Fjalerhallen	300			
Samvirket	8 200			
Sum	9 400	2 800	300	0
KLP Eigenkapitaltilskot	620	650	680	713
Sum	620	650	680	713
Sum alle tiltak	39 590	14 350	8 080	7 813

Finansiering	2022	2023	2024	2025
Låneopptak	-33 855	-9 773	-6 982	-6 421
Momsrefusjon	-5 435	-3 077	-1 098	-1 392
Tilskot	-300	-1 500		
Sum Finansiering	-39 590	-14 350	-8 080	-7 813

10.2 Omtale av investeringsprosjekt

Prosjekt nr 1	Asfaltering kommunale vegrar			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		4 000		
Tekst	I 2020 vart det gjennomført ei omfattande asfaltering og reasfalt av fleire kommunale vegrar. Etterslept på vegvedlikhald er stort og det er framleis behovet for reasfaltering av nyasfaltering av vegrar i åra framover. Opptak av private vegrar vil auke behovet for både reasfaltering og asfaltering av grusvegar. Årlege løyvingar er erstatta med ei større løyving i planperioden.			

Prosjekt nr 2	Bruer og vegsikring			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		300	300	300
Tekst	Nødvendig vedlikehald på bruer og oppsetting av rekkverk på utsette stader. Opptak av private vegrar vil auke behovet. Midlar for 20/21 er ikkje nytta så det er difor ikkje avsett nye midlar i 2022.			

Prosjekt nr 3	Trafikktryggingstiltak			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		300	300	300
Tekst	Eigenkapital for søknad om trafikktryggingsmidlar. Eigenandelane utgjer 50% av totalkostnaden. Midlar for 20/21 er ikkje nytta så det er difor ikkje avsett nye midlar i 2022. Trafikktryggleiksplanen må reviderast før søknad om titlak og midlar for 20/21 må nyttast til denne.			

Prosjekt nr 4	Gatelys Bjergelia			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	600			
Tekst	Oppsetting av rekkverk medfører at eksisterande gatelyskabel må flyttast. Ved flytting/fornying av nettkabel bør heile anlegget fornyast med fullverdig belysning.			

Fjaler kommune økonomiplan 2022-2025

Prosjekt nr 5	Prosjekt 1			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		800		
Tekst	Behov for oppgradering av eksisterande anlegg og nytt anlegg på strekningar utan gatelys			

Prosjekt nr 6	Rehabilitering av vannpumpestasjon Dalsåsen			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	350			
Tekst	Rehabilitering av vannpumpestasjon Dalsåsen			

Prosjekt nr 7	Nytt høgdebasseng Longehogen			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		5 000	5 000	
Tekst	Planlegging og prosjektering av nytt høgdebasseng i Longehogen innanfor avsette midlar i 2021. Vidare er kostnader til utbygging lagt inn i 2023 og 2024. Hovudplan for vatn viser at det er behov for nytt høgdebasseng i området for å kunne levere nok vatn til det nye bustadfelt på Bjørga. Nytt høgdebasseng vil også sikre både kapasitet og leveringssikkerhet.			

Prosjekt nr 8	Beredskapsbygg			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	22 500			
Tekst	Nytt felles bygg for Fjaler brannvesen, Sivilforsvaret og Helse Førde if kommunestyrevedtak i sak K 121/20. Fjaler kommune treng nye lokale til brannstasjon på grunn av at dagens lokale er for små. Dagens lokaler støttar ikkje krav i arbeidsmiljølova og kommunen har fått pålegg frå arbeidstilsynet om utbetring.			

Prosjekt nr 9		Fjalerhuset - brannsikring			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025	
Budsjett	1 500				
Tekst	Det er ikke brannvarslingsanlegg på Fjalerhuset. Trengst for å sikre dei verdiene (historiske arkiv m.m.) som bygget husar, og for å oppgradere til dagens byggtekniske krav. Jfr. pålegg etter branntilsyn. Samsvarer med gjeldande økonomiplan.				

Prosjekt nr 10		Kommunale bygg - Oppgradering			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025	
Budsjett	1 500	1 500	1 500	1 500	
Tekst	Er i gang med oppgradering av kommunale bygg og leiligheter, men det er fortsatt stort etterslep. Samsvarer med gjeldande økonomiplan.				

Prosjekt nr 11		Mulighetsstudie Flekke skule og barnehage			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025	
Budsjett	500				
Tekst	Mulighetsstudie for framtidig utvikling av Flekke skule og barnehage. Auka barneatal medfører behov for meir areal både til skulen og barnehagen.				

Prosjekt nr 12		Øyra - titlak ventilasjon			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025	
Budsjett	1 210				
Tekst	Nødvendig oppgradering av ventilasjons avtrekksløysing i bueiningane på Øyra. Kjøkkenventilasjon og avtrekksløysing fungerer ikkje og det er fuktskader i baderomstaka.				

Prosjekt nr 12	Tettstadprosjekt Dale			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett		3 500		
Tekst	Gjeld Melkevegen, gamle ferjekaia og Trossefjæra. I 2022 er det tenkt planlegging/prosjektering av løysingar, gjennomføring av tiltak i Trossefjæra og mindre tiltak i Melkevegen. Må sjåast i samanheng med områdeplanen. I 2023 er det tenkt utbygging av dei planlagde løysingane. Det kan søkjast om tettstadmidlar til sjøve utbygginga.			

Prosjekt nr 13	Planlegging av rassikring i bustadfelt i Dale			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	500			
Tekst	Planlegging av rassikringstiltak i eksisterande bebyggelse i Dale. Skredrapportar viser at eksisterande bustadområde og kommunal veg er innanfor fareområde. Gjeld område i Dalsåsen, Hatledalen og Yksnebjør.			

Prosjekt nr 14	Fornying klassesett pc			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	500	500		
Tekst	Ein god del av datamaskinene i oppvekst er gamla og blir ikkje lenger supprtert. Vi må skifte ut fleire klassesett. I tillegg må vi inn med fleire maskiner i skulen for å halde tritt med den teknologiske utviklinga.			

Prosjekt nr 15	Framsikt			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	250			
Tekst	Innkjøp av nytt verksemdsstyringssystem. Vi startar med budsjettering, analyse, rapportering. Vidare skal alt av planverk utarbeidast her, klimabudsjett m.m.			

Prosjekt nr 16	Utstyr Driftsentralen			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	160			
Tekst	Nytt utstyr til driftsentralen: Tilhenger med høg grind og tett kapell, asfalsag og elektrisk ryddesag.			

Prosjekt nr 17	Gravplass Øyra			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjetт				
Tekst	Detaljregulering og prosjektering av ny gravplass inklusiv flaumvoll pågår. Kostnader til utbygging er svært usikre og difor ikke lagt inn i økonomiplanen med beløp.			

Prosjekt nr 18	Guddal kyrkje - vindauge			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjetт			300	
Tekst	Nye vindauge i Guddal kyrkje			

Prosjekt nr 19	Dale kyrkje			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjetт	300	300		
Tekst	Utvendig oppgradering			

Prosjekt nr 20	Løpebane Dingemoen			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjetт	600			
Tekst	Rehabilitering av 400 meter løpebane grus Dingemoen jf handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet			

Prosjekt nr 21	Kunstgrasdekke Dingemoen Idrettspark			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjetт		2 500		
Tekst	Skifte av kunstgras Dingemoen stadion jf handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet			

Prosjekt nr 22	Uteområde rundt Fjalerhallen			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	300			
Tekst	Utarbeidning av ein heilskapleg plan for området rundt fotballhall/ATV-bane knytt til asfaltering, parkering, lys, gangveg jmf kommunestyremøte 09.09.21 074/21: «Store delar av området rundt hallane treng oppgraderast og det bør difor utarbeidast ein plan for uteområdet der ein planlegg asfaltering, grøne områder og beplanting. I tillegg er det uavklarte forhold rundt gangveg, vatn og parkering».			

Prosjekt nr 23	KLP - Eigenkapitalinnskot			
Økonomiplan	2022	2023	2024	2025
Budsjett	620	650	680	713
Tekst	Fjaler kommune har den kollektive pensjonssparing i KLP. Kommunen må kvart år inn med eit eigenkapitaltilskot i selskapet.			

11 Vedlegg